22,58 mill.kr frå spelemidlar som vert henta ut frå Vestland Fylkeskommune i 2026. Spelemidlane må hentast ut før tiltaket kan setjast i gang.

3. Kommunestyre godkjenner at spelemidlar som vert henta ut i 2026 på 22,58 mill.kr vert sett av på ubunde investeringsfond (konto 25300912).

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre nødvendige budsjettreguleringar.

Behandling og vedtak i sak 61/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Behandling:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtok å utsette saka til første møte i Bjørnafjorden kommunestyre etter sommaren.

Vedtak:

Saka blei utsatt.

62/2026 - ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALE FOR VEST BRANN- OG REDNINGSREGION KO

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026 - 64/2026

Bjørnafjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

Behandling og vedtak i sak 62/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 60/2026

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

63/2026 - LOKAL FORSKRIFT OM UTVIDA BANDTVANG FOR HUND - FORSLAG TIL ENDELEG VEDTAK

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026 - 66/2026

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar lokal forskrift for Bjørnafjorden kommune om utvida bandtvang for hund slik den ligg føre, med heimel i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6, 2. ledd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar lokal forskrift for Bjørnafjorden kommune om utvida bandtvang for hund slik den ligg føre, med heimel i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6, 2. ledd.

Behandling og vedtak i sak 63/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Behandling:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtok å utsette saka til første møte i Bjørnafjorden kommunestyre etter sommaren.

Vedtak:

Saka blei utsatt.

64/2026 - BRUK AV BELØNNINGSMIDLAR 2026

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026 - 67/2026

Kommunestyret vedtek at avsette belønningsmidlar kan nyttast til fortau Ferstadvegen, sykkelstrategi og grøn mobilitetsstrategi.

Kommunestyret vedtek at midlane til sykkelstrategi kan nyttast til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Lyseparken - Søfteland.

Kommunestyret vedtak at midlane til grøn mobilitetsstrategi kan nyttast til reguleringsplan for kollektivterminal og fjellhall på Osøyro og eventuelle utgreiingar av mindre tiltak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at avsette belønningsmidlar kan nyttast til fortau Ferstadvegen, sykkelstrategi og grøn mobilitetsstrategi.

Kommunestyret vedtek at midlane til sykkelstrategi kan nyttast til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Lyseparken - Søfteland.

Kommunestyret vedtak at midlane til grøn mobilitetsstrategi kan nyttast til reguleringsplan for kollektivterminal og fjellhall på Osøyro og eventuelle utgreiingar av mindre tiltak.

Behandling og vedtak i sak 64/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 62/2026

Nils-Anders Nøttseter, MDG ba om punktvis votering

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 1 blei einstemmig vedtatt.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 2 blei vedtatt mot 3 stemmer (2SV, 1MDG)

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 3 blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at avsette belønningsmidlar kan nyttast til fortau Ferstadvegen, sykkelstrategi og grøn mobilitetsstrategi.

Kommunestyret vedtek at midlane til sykkelstrategi kan nyttast til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Lyseparken - Søfteland.

Kommunestyret vedtak at midlane til grøn mobilitetsstrategi kan nyttast til reguleringsplan for kollektivterminal og fjellhall på Osøyro og eventuelle utgreiingar av mindre tiltak.

65/2026 - HANDLINGSPROGRAM FOR MILJØLØFTET 2027 - 2029 TIL LOKALPOLITISK BEHANDLING

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026 - 68/2026

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029.

Behandling og vedtak i sak 65/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Framlegg til vedtak frå Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet dei grøne bybane/innfartsparkering

Bjørnafjorden kommunestyre meiner det er viktig at tiltaket innfartsparkering Åsane terminal ikkje forseinkar bygging av bybane til Åsane.

Behandling:

Votering:

Tilleggsforslag fremma av Nils-Anders Nøttseter, MDG fekk 9 stemmer (6Ap, 2SC, 1MDG) og fall.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029.

66/2026 - ORIENTERING OM ÅRSMELDING 2025 MILJØLØFTET

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026 - 69/2026

Kommunestyret tar Årsmelding 2025 Miljøløftet til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Årsmelding 2025 Miljøløftet til orientering.

Behandling og vedtak i sak 66/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Årsmelding 2025 Miljøløftet til orientering.

67/2026 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Øyvind Straumnes (Ap) får fritak frå dei politiske verva sine som vara til kommunestyret og vara til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd. Fritaket gjeld frå 15. juni 2026.

1. Øyvind Straumsnes, Ap, får fritak frå verva sine i folkevalde organ.
2. Ragnhild Kristine Midtbø, Ap, trer inn som ny 9. vararepresentant til kommunestyret.
3. blir vald til ny 1. vara for Ap/Sp til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd.

Framlegg til vedtak frå Line Furubotn Storum, Arbeidarpartiet

Alternativt framlegg til vedtak

Øyvind Straumnes (Ap) får fritak frå dei politiske verva sine som vara til kommunestyret og vara til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd. Fritaket gjeld frå 15. juni 2026.

1. Øyvind Straumsnes, Ap, får fritak frå verva sine i folkevalde organ.
2. Ragnhild Kristine Midtbø, Ap, trer inn som ny 9. vararepresentant til kommunestyret.
3. Trine Lindborg blir vald til ny 1. vara for Ap/Sp til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd
4. Helge Steinum blir vald til ny 3. vara for Ap/Sp til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd

Behandling:

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Line Furubotn Storum, Ap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Øyvind Straumnes (Ap) får fritak frå dei politiske verva sine som vara til kommunestyret og vara til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd. Fritaket gjeld frå 15. juni 2026.

1. Øyvind Straumsnes, Ap, får fritak frå verva sine i folkevalde organ.
2. Ragnhild Kristine Midtbø, Ap, trer inn som ny 9. vararepresentant til kommunestyret.
3. Trine Lindborg blir vald til ny 1. vara for Ap/Sp til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd
4. Helge Steinum blir vald til ny 3. vara for Ap/Sp til plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM) og vara til PBM som klagenemnd

**68/2026 - VAL AV STYREMEDLEMMAR TIL OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER
BJØRNAFJORDEN KF 2026**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Oseana kunst- og kultursenter:

Styreleiar (2 år):

Styremedlem (2 år):

Styremedlem (2 år):

1. Varamedlem (2 år):

2. Varamedlem (1 år):

3. Varamedlem (2 år):

Framlegg til vedtak frå Marie Elisabeth Lunde Bruarøy, Høgre**Framlegg frå valnemnda**

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Oseana kunst- og kultursenter:

Styreleiar (2 år):	Daniel Skotheim (Attval)
Styremedlem (2 år):	Henrik Askvik (Attval)
Styremedlem (2 år):	Anna Parnefält Størksen (Opprykk frå vara)
1. Varamedlem (2 år):	Kjetil Osablod Grønvigh (Attval)
2. Varamedlem (1 år):	Terje Raunsgard (Attval)
3. Varamedlem (2 år):	Kjersti Solheim (Ny) (Bagrunn: Lærer ved Vinnes Friskule, Medlem Os Musikkforening og Eikelandsosen Musikklag, 50 år, busett på Fusa)

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå valnemnda blei einstemmig vedtatt

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Oseana kunst- og kultursenter:

Styreleiar (2 år):	Daniel Skotheim (Attval)
Styremedlem (2 år):	Henrik Askvik (Attval)
Styremedlem (2 år):	Anna Parnefält Størksen (Opprykk frå vara)
1. Varamedlem (2 år):	Kjetil Osablod Grønvigh (Attval)
2. Varamedlem (1 år):	Terje Raunsgard (Attval)
3. Varamedlem (2 år):	Kjersti Solheim (Ny) (Bagrunn: Lærer ved Vinnes Friskule, Medlem Os Musikkforening og Eikelandssosen Musikklag, 50 år, busett på Fusa)

69/2026 - VAL AV STYREMEDLEMMAR TIL OS IDRETTSPARK BJØRNAFJORDEN KF 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Os idrettspark Bjørnafjorden KF:

Styreleiar (2 år):

Styremedlem (2 år):

Styremedlem (2 år):

Styremedlem (2 år):

2. Varamedlem (2 år):

Behandling og vedtak i sak 69/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Framlegg til vedtak frå Marie Elisabeth Lunde Bruarøy, Høgre Innstilling Valnemnda

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Os idrettspark Bjørnafjorden KF:

Styreleiar (2 år):	Tord Færøy (Attval)
Styremedlem (2 år):	Victoria Tverli Dale (Attval)
Styremedlem (2 år):	Anders Hjelle (Attval)
Styremedlem (2 år):	Jermund André Flaskerud (Attval)
1. Varamedlem (2 år): 3. Varamedlem (2 år):	Martha Kristin Tuft Soltvedt (Attval) Gerd Kristin Monge (Ny) (Bakgrunn: Sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut, bur i Strøno, 44 år, oppteken av folkehelse)

Behandling:

Votering:
Innstillinga frå valnemnda blei einstemmig vedtatt

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vel følgjande personar til styret for Os idrettspark Bjørnafjorden KF:

Styreleiar (2 år):	Tord Færøy (Attval)
Styremedlem (2 år):	Victoria Tverli Dale (Attval)
Styremedlem (2 år):	Anders Hjelle (Attval)
Styremedlem (2 år):	Jermund André Flaskerud (Attval)
1. Varamedlem (2 år): 3. Varamedlem (2 år):	Martha Kristin Tuft Soltvedt (Attval) Gerd Kristin Monge (Ny) (Bakgrunn: Sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut, bur i Strøno, 44 år, oppteken av folkehelse)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Behandling og vedtak i sak 70/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

**Framlegg til vedtak frå Jakob Enerhaug, Kristeleg folkeparti
Varslarvernet for tilsette i kommuna**

Ordførar, vi som folkevalde forventar at det er ryddige og trygge forhold for varsling for tilsette i kommunen. Dette bør vere noko kommunleiinga aktivt oppfordrar til, slik at ein kan avdekke uheldige forhold, sikre læring og setje inn nødvendige tiltak så raskt som mogleg. Det skal vere nulltoleranse for represaliar mot varslarar.

Eg er gjort kjend med ei sak der ein tilsett som har varsla, opplever å bli møtt med gjengjeldelse i form av skriftleg irettesettelse, omplassering og trussel om oppseiing, heller enn å bli lytta til. Saka gir grunn til uro for om varslarvernet fungerer slik det skal i praksis. På denne bakgrunnen ønskjer eg å spørje: Korleis sikrar kommunen at tilsette i praksis har reelle og trygge moglegheiter til å varsle om uønska hendingar og kritikkverdige forhold, utan frykt for negative reaksjonar?

Korleis vil ordføraren følgje opp slike forhold, og kva konkrete tiltak vil bli sett i verk for å sikre at varslarvernet blir etterlevd?

**Framlegg til vedtak frå Richard Markhus, Arbeidarpartiet
Strukturendring av tjenester frå FBBS til LBBS**

Spørsmål til ordførar:

I kommunestyret 7.5.26 stilte undertekna fleire spørsmål om flytting av tenester frå FBBS til LBBS.

I svar frå Ordførar kom det blant anna fram at:

Eit gjennomgåande funn i prosjektet er at både vidareføring av dagens struktur og omlegging inneber risiko. Det er likevel den samla vurderinga at endring er nødvendig for å møte framtidige behov. Når ein i vurderingane legg vekt på berekraftig drift, inneber det ei løysing som er:

1. fagleg forsvarleg realistisk å bemanne
2. tilpassa framtidige behov
3. støtta av dei fysiske rammene
4. innanfor økonomiske rammer
5. Det er gjort vurderingar av både fordelar og ulemper ved den foreslåtte organiseringa av institusjonstenestene. Risikoar som er peika på – mellom anna knytt til fagmiljø, belastning for pårørande og oppleving av redusert tilbod – er kjende og er eksplisitt vurderte gjennom innsiktsarbeid, analysar og vidare planlagt oppfølging
6. Samtidig er hovudkonklusjonen frå det samla kunnskapsgrunnlaget tydeleg: Å vidareføre dagens organisering representerer i seg sjølv ein betydeleg risiko – både for kvaliteten i tenestene, for arbeidsmiljøet og for kommunen si evne til å tilby berekraftige tenester over tid
7. Det er forståing for at endringane kan bli opplevde som ei svekking av det faglege tilbodet ved FBBS, og som ei forskyving av tilbodet i kommunen. Dette er ei reell bekymring som må takast på alvor. Samstundes er intensjonen med endringa ikkje å bygge ned, men å

organisere tenestene på ein måte som styrkar det samla tilbodet, sikrar betre kvalitet og gjer oss i stand til å møte framtidige behov

8. Grunnlaget for den foreslåtte modellen er at kommunen skal kunne gi eit fagleg forsvarleg og likeverdig tilbod til alle innbyggjarar, uavhengig av kvar dei bur. Tenestene må i større grad organiserast etter kva type helsehjelp som trengst, ikkje berre etter geografisk nærleik til institusjon. Dette handlar difor ikkje om sentralisering, men om å tilpasse og styrke tenestene slik at vi kan gi rett hjelp, til rett tid, med rett kompetanse – både no og i framtida

I denne dimensjonerings saka er det konkludert at flytting av tenester skal skje og vera ferdig dimensjonert 1.1.2027.

Med bakgrunn i svara som ordførar svara ut i kommunestyret 7.5.2026 spør eg Ordførar korleis ein er komme fram til denne konklusjonen, då med spørsmål knytt til dei 8 pkt. som her ligg til grunn, om det er utført **skriftlege risiko- og konsekvensutgreiningar til desse punkta?**

Er det i konklusjonen for flytting av tenester **utført risiko og konsekvensutgreidd** om lege, legevakt og ambulanse at innbyggjarane samt brukarane på FBBS får styrka eller svekka beredskap for Bjørnafjorden Aust etter at denne dimensjoneringa av flyttinga er utført?

Er det laga ein **handlingsplan** som viser tiltak som må iverksetjast for å nå desse måla som er konkludert ?

Dersom slike utgreiningar og analyser ligg føre, vil ordføraren leggje dei fram for kommunestyret?

Framlegg til vedtak frå Richard Markhus, Arbeidarpartiet Drikkevassforsyning til Bergegrend

Spørsmål til Ordførar

Oppfølging forprosjekt for vassforsyning, drikkevatn til Bergegrend.

Husstandar på Bergegrend har kjøpt drikkevatn sidan ca 2015. I 2017 henvendte bygdeutvalet seg igjen til kommunen om kommunalt drikkevatn. Fekk beskjed om å vente på ny drikkevassplan,- som er **vedtatt i Bjørnafjorden i 2023.**

Der står det at kommunalt drikkevatn i Bergegrend skal framskyndast. Det nærmar seg 3 år sidan vedtak ble fatta.

Det har vore etterspurt status på forprosjektet fleire gonger siste halvåret, utan å få svar frå kommunen.

Forprosjektet var bestemt gjennomført hausten 2025.

Spørsmål :

Har Austestad Bergegrend Bygdeutval fått svar på status ?

Er det gjennomført forprosjekt for kommunalt drikkevatn for området ?

I så fall gjennomført forprosjekt, kva er framdrifta i saka ?

Framlegg til vedtak frå Ole Reinert Berg-Olsen, Venstre Spørsmål til ordføreren i Bjørnafjorden kommune

Ordfører,

De siste årene har vi flere gonger sett saker om store ungdomssamlinger og uro i Os sentrum og ved terminalområdet. Samtidig hører vi stadig at ungdom mellom 14 og 18 år savner flere trygge, rusfrie møteplasser på ettermiddag og kveld.

Bjørnafjorden kommune har allerede et flott tilbud gjennom Ung Arena. Likevel har stedet, etter det jeg kjenner til, begrensede åpningstider. Jeg mener potensialet er langt større.

Os Rockeklubb har signalisert at de gjerne vil bidra til å skape innhold på Ung Arena – ikke flere øvingslokaler, men en levende møteplass med konserter, live musikk, bandkvelder,

åpne scener, workshops og andre kulturaktiviteter som kan samle ungdom på tvers av interesser. Slik kan Ung Arena bli et sted ungdom oppsøker fordi de har lyst til å være der. Vi investerer store summer i idrettsanlegg, og det er bra. Men ungdom er forskjellige. Noen finner fellesskap på fotballbanen, mens andre finner det gjennom musikk, konserter, kreativitet og kultur. Også disse ungdommene fortjener et attraktivt fritidstilbud. Forebygging handler om mer enn politi og natteravner – det handler først og fremst om å gi ungdom et sted de faktisk ønsker å være.

Derfor vil jeg spørre:

Hva skal konkret til for at kommunen kan utvide åpningstidene ved Ung Arena og utvikle stedet til en levende møteplass for ungdom mellom 14 og 18 år, med mer live musikk, kulturarrangementer og andre aktiviteter i samarbeid med frivillige aktører som Os Rockeklubb?

Og er ordføreren villig til å ta initiativ til et slikt samarbeid, slik at vi kan skape et enda sterkere og mer attraktivt fritidstilbud for ungdom i Bjørnafjorden?

Jeg håper kommunen velger å satse på forebygging før utfordringene vokser seg større. Et levende ungdomsmiljø skapes ikke av seg selv – det krever at kommunen prioriterer møteplasser der ungdom kan utvikle interesser, vennskap og tilhørighet.

Behandling:

Asle Olsen, SV ba om at spørsmåla i sak 70/2026 blir svara ut skrifteleg og dei som ønsker eit meir utfyllande svar kan legge inn spørsmåla på nytt til komande møte i Bjørnafjorden kommunestyre etter sommaren.

Ved møteslutt gjenstår det tre ordinære saker på saklista i tillegg til sak 70/2026 Spørsmål og 71/2026 Interpellasjon

59/2026 Godkjenning av avtale om erstatning etter ugyldige forvaltningsvedtak - Skorpo

61/2026 Kuventræ idrettsplass - utbedring av grunntilhøva

63/2026 Lokal forskrift om utvida bandtvang for hund - forslag til endeleg vedtak

Ordførar Terje Søviknes, FrP ba Bjørnafjorden kommunestyre om at sakane blir utsatt til første møte i Bjørnafjorden kommunestyre etter sommaren.

Bjørnafjorden kommunestyre støtta dette.

Sakane 70/2026 Spørsmål og 71/2026 interpellasjon blei ikkje behandla i møte. Svar på spørsmål og interpellasjon blei sendt ut i etterkant av møtet.

Møtet blei heva kl. 22:03

Svar på spørsmål om "Varslarvern for tilsette i kommuna" frå Jakob Enerhaug, KrF:

Svar frå ordførar Terje Søviknes, FrP;

Ettersom det i KommuneLOVEN §13-1, 7.ledd er veldig klart definert at kommunedirektøren har det løpande personalansvaret finn eg det rett at kommunedirektøren svarar ut dette spørsmålet.

Svar frå kommunedirektør Arild M. Steine;

Kommunen har tydelege og tilgjengelege retningslinjer for varsling. Det ligg føre gode rettleiingar både for dei som ønskjer å varsle, og for dei som skal handsama varselet vidare. Rettleiinga omfattar òg vern av varslaren, og korleis leiar eller andre kan følgja opp den eller dei tilsette som har sendt eit varsel.

Kommunen har også eit tydeleg og tilgjengeleg system for å melda avvik. Leiarar og tilsette får opplæring og rettleiing i kva som er å rekna som eit avvik, korleis avvik skal meldast, og korleis mottekne avvik blir følgde opp i leiarlinja.

Skilnaden mellom det som kan vera eit varsel og eit avvik, kan vera vanskeleg å vurdere. Ein oppmodar difor om å søkja råd dersom ein er usikker. Rettleiing kan til dømes få frå leiar, tillitsvald, verneombod eller HMS-rådgivar.

Representanten Enerhaug trekkjer fram ei konkret sak i spørsmålet sitt. Kommunedirektøren er uenig i Enerhaug si framstilling av saka. Dette er ein del av ei arbeidsmiljøsak der leiinga har handla i tråd med gjeldande avtaleverk og interne retningslinjer. Saka er kompleks og alvorleg, og det er avdekt åtfærd og handlingar som ikkje er i samsvar med eit trygt arbeidsmiljø for dei tilsette. Leiarane har vore tett på arbeidsmiljøet for å ivareta alle tilsette, uavhengig av rolle i saka.

Saka er ei personalsak og høyrer inn under kommunedirektøren sitt mynde jamfør kommunelova §13-1. Det er henta inn ekstern juridisk bistand, som har stadfesta og rettleia arbeidsgivar sine vurderingar og handlingar i saka. Kommunedirektøren vil gi ei munnleg orientering om saka i ein lukka sekvens i formannskapet neste veka.

Svar på spørsmål om "Strukturendring av tjenester frå FBBS til LBBS" frå Richard Markhus, Ap:

Svar frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

Innleiingsvis ei presisering; - endringar knytt til dimensjoneringsprosjektet vil skje gradvis, med mål om at ny struktur skal vere på plass og i drift frå 01.01.2028. Dvs. ikkje frå 01.01.2027 slik interpellanten la til grunn.

Så til spørsmål om risiko- og konsekvensutgreiingar til dei 8 punkta, og her har eg henta inn svar frå administrasjonen; - konklusjonen i dimensjoneringsprosjektet baserar seg på analysar, nasjonale anbefalingar og interne utfordringar. Det er definert risikomoment gjennom prosjektarbeidet også sett opp mot slutning om ny organisasjonsmodell. Definerte risikoar vil bli følgt opp i vidare prosessar, der ein heile tida vurderer behov for å utarbeide risikoanalysar og iverksette tiltak for å ta ned risikoen. Dette er eit kontinuerleg arbeid. Eit døme på dette er at ein følgjer opp med rekrutteringstiltak for tenestene på Fusa-sida med mål om å behalde tilsette og rekruttere nye.

Så til akuttberedskapen; - den akutte beredskapen ligg i legevakt, ambulanseteneste og sjukehus – ikkje i eldreomsorga og institusjonane våre. Det endrar seg ikkje, sjølv om avdelingane på institusjonane endrar seg.

Og vedr. handlingsplanar svarar administrasjonen slik; - ja, det er utarbeidd handlingsplanar som konkretiserer tiltak for å nå dei måla som er sett. Prosjektet er stort og komplekst, og planane omfattar både kortsiktige og langsiktige tiltak. Det blir arbeid systematisk for å sikre gode prosessar som tek vare på både innbyggjarar, tenestene og dei tilsette i omstillinga. Målet er å gjennomføre omorganiseringa på ein trygg og føreseieleg måte innan den planlagde tidsramma.

Til slutt spørsmålet om ordførar vil leggja utgreiingar og analysar fram for kommunestyret; - eg syner til vedtaket frå k.styret 30.10.25 der administrasjonen fekk fullmakt til å gjennomføre prosjektet basert på premissane i saka, samt til svara frå administrasjonen som nettopp vart referert. Med bakgrunn i at ein løpande i prosjektet fram til 01.01.28 vil vurdere risikoar, eventuelle tiltak og handlingsplanar finn eg det lite teneleg å leggja dette fram for kommunestyret. Frå min ståstad er det no viktig at vår tilsette innan omsorgssektoren får gjennomføre prosjektet basert på faglege vurderingar. Dersom det vert naudsynt å løfta saker til politisk nivå i den vidare prosessen har eg full tillit til at kommunedirektøren vil gjera det.

Svar på spørsmål om "Drikkevassforsyning til Bergegrend" frå Richard Markhus, Ap:

Svar frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

Svar er innhenta frå administrasjonen.

Kommunedirektøren vil orsaka at Bygdeutvalet ikkje har fått svar på henvendingar til kommunen og vil følgja dette opp internt.

Saka er førebels forseinka grunna manglande ressursar.

Det er såleis ikkje gjennomført forprosjekt etter opphavleg plan. Vi arbeider med å avklare vidare framdrift, og vil komma attende med oppdatert status når dette ligg føre.

Svar på spørsmål om "Spørsmål til ordføreren i Bjørnafjorden kommune" frå Ole Reinert Berg-Olsen, V:

Svar frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

Innleiingsvis vil eg sei at eg er grunnleggjande positiv til samarbeid med alle frivillige aktørar som vil skapa aktivitet i kommunen, spesielt for barn og unge. Og det gjeld sjølvstøtt på begge sider av fjorden.

For å sjekka ut status knytt til Os Aktiv og tilbodet Ung Arena har eg bede om litt utfyllande info frå administrasjonen, og dei skriv;

Os Rockeklubb har etter det dei kjenner til ikkje vore i kontakt med kommunen om eit samarbeid. Difor veit ein ikkje heilt kva dei ser føre seg. Kommunen er uansett open for dialog med frivillige organisasjonar om korleis vi saman kan utvikle og drifte gode møteplassar for ungdom.

Kommunen har over fleire år satsa på førebygging gjennom tiltak som utekontakt og lågterskeltilbod innan psykisk helse for barn og unge. Frå hausten 2026 startar vi også eit nytt tiltak som skal hjelpe ungdom inn i arbeid.

Lokala i Ung Arena er mykje i bruk. På dagtid nyttar skular, ungdomsteam og utekontakt lokala til oppfølging av ungdom, både individuelt og i grupper. På ettermiddag og i helgar blir lokala brukte til ulike aktivitetar for ungdom. Det har også vore fleire ungdomsarrangement der, mellom anna i samband med UKM og andre lokale initiativ.

Ungdomsteamet har ansvar for vedlikehald av lokala. Lokala har utstyr med høg verdi, mellom anna gaming-PC-ar, biljardbord og anna inventar som må takast vare på. Per i dag er Ung Arena si tilgangsstyring knytt til ein person i ungdomsteamet, og ikkje til kommunen sine ordinære system. Det er ei utfordring som det over tid er søkt å endre på.

Då Ung Arena starta opp, var det knytt 1,5 årsverk til tiltaket. Dette er seinare redusert på grunn av kommunen sin økonomi og behovet for å prioritere lovpålagde tenester i andre delar av organisasjonen.

Skal vi gi eit utvida tilbod ved Ung Arena, treng vi meir ressursar til drift, koordinering av frivillig innsats og vedlikehald av lokala. Med dagens bemanning har vi ikkje høve til å auke aktiviteten utan at det går utover andre viktige førebyggjande tenester. Meir aktivitet krev også fleire trygge vaksne til stades.

Eg vil for min eigen del leggja til at det tverrpolitisk har vore eit ynskje om at fleire frivillige organisasjonar kan få nytta Os Aktiv for fleirbruksbygg, og eg vil gå ein ny runde med administrasjonen om korleis vi kan få dette til i høve tilgangskontroll, ansvar for utstyr osv.

Vedtak:

Ingen vedtak i sak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Behandling og vedtak i sak 71/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 18.06.2026

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet **Større strukturelle endringar til politisk handsaming**

I tenesteutvalet den 3. juni la Arbeidarpartiet saman med Sp, V og KrF, inn følgjande protokollmerknad i sak 31/2026, saka med statusoppdateringar om heilskapleg innsats- og bustadtrapp:

«Det har vore ei forventning frå politikarane om at vi skal få saker til politisk handsaming, men det vi no får i praksis er presentasjonar av relativt store strukturelle endringar utan at vi har noko form for politisk innflytelse på korleis dette vil sjå ut i framtida. Dette er ikkje godt nok. I 1. tertial 2026 vert det jamvel sagt at «Budsjettvedtaket legg opp til at tenesteutvalet skal vere tett på og aktivt følgje opp dei ulike prosjekta i innsats- og bustadtrappa. Dette sikrar framdrift, prioritering og politisk styring. I kvart møte i tenesteutvalet blir eitt eller fleire prosjekt presentert». Korleis kan vi driva med politisk styring når vi berre får sakene til orientering? Vi ber om at tenesteutvalet, eventuelle andre politiske utval, og kommunestyret i større grad framover vert involverte gjennom hyppigare politiske saker til vedtak i utval og kommunestyre.»

Eg skal lata spørsmålet om tenesteutvalet sin eksistens ligga i dag, men slik utvalets rolle er i dag, er det er grunn til å stilla spørsmål også ved den.

Arbeidarpartiets bakgrunn for å krevja denne protokolltilførselen handlar om å ansvarleggjera dei ulike politiske partia for dei vedtaka som vert gjort i den store og krevjande omstillingsprosessen kommunen står i. Då eit einstemmig kommunestyre den 19. juni 2025 (sak 68/2025) vedtok å innføra den heilskaplege bustad- og innsatstrappa, var det som «felles rammeverk for prioritering og utvikling av tenester og bustader i heile kommunen». Vi stemte for eit år sidan for det overordna prosjektet, men det tyder ikkje at vi har gitt blankofullmakt til politisk leiing eller kommuneadministrasjonen til å gjera som dei vil i eitt og alt. Vi vil behalda retten vår til å vera samde eller usamde i store og viktige enkeltavgjerder innafor den ramma som vi slutta oss til. Difor vil vi også ha fleire saker til politisk handsaming.

Det er lett å oppfatta denne prosessen som om det politiske fleirtalet i kommunen no skubbar kommuneadministrasjonen og eit samla kommunestyre framfor seg i alle avgjerder som handlar om den heilskaplege innsats- og bustadtrappa. Slik kan vi ikkje ha det. Når delar av kommunestyret er imot tiltak som skal gjennomførast, må det også vera mogleg å visa dette i kommunestyret gjennom fleire politiske saker til handsaming. Kva er den prinsipielle skilnaden på nedlegging av skular og flytting av elevar frå ein skule til ein annan, og det å leggja ned og flytta heile avdelingar frå t.d. Fusa bu- og behandlingssenter til Luranetunet? Det kan ikkje vera slik at det første dømet er ei politisk sak, men det andre er det ikkje. Det handlar også om ansvarleggjing av oss alle som lokalpolitikarar for heile kommunen. Dersom eit fleirtal t.d. støttar det å flytta ei avdeling frå ein stad til ein annan, er det for så vidt ei ærleg sak. Men dersom eit mindretal ikkje støttar det, er det ei like ærleg sak. Det må vera mogleg å visa innbyggjarane våre at det faktisk er reell usemje i slike saker. Politikk er prioritering. Og politiske skilnader handlar oftast om ulik prioritering. Dei som får fleirtal for sitt syn, må ta det ansvaret som følgjer av vedtaket.

Vi vil difor sterkt oppmoda kommunestyret til å slutta seg til at det kjem fleire politiske saker til handsaming enn kva tilfellet er i dag, innafor store sakskompleks som t.d. den heilskaplege innsats- og bustadtrappa.

Behandling:

Svar på interpellasjon om "Større strukturelle endringar til politisk handsaming" frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap:

Svar frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

I denne interpellasjonen opplever eg at interpellanten faktisk hoppar galant bukk over at eldrerådet, RMNF, Tenesteutvalet, formannskap og kommunestyret har hatt formell vedtakssak om ***Dimensjonering av institusjon, hovudsakleg for eldre til handsaming hausten 2025.***

Kommunestyret fatta endeleg vedtak i sak 102/2025 30.oktober 2025. Av protokollen kan ein sjå at AP då v/representanten Jo Rune Ugulen Kristiansen fremja forslag om å utsetja saka til etter budsjettprosessen. Framlegget fekk 14 røyster, og fall.

Vidare kan ein i protokollen sjå at ved realitetsbehandling av saka fremja Jakob Enerhaug (KrF) eit alternativt framlegg til vedtak, mellom anna med følgjande vedtakspunkt;
«Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast råd leggja fram politiske saker om;
a) Ny modell for dimensjonering av sjukeheimplassar fordelt på langtidsplassar, korttidsplassar og ulike spesialavdelingar.»

Ved votering fekk Enerhaug sitt framlegg 5 røyster (2INP, 1KRF, 1MDG og 1AP-Richard Markhus), og fall.

Fleirtalet i kommunestyret på 20 røyster gjekk for innstillinga i frå formannskapet i 6 punkt. Der fekk kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføra prosjektet, og i punkt 4 ber kommunestyret om å bli *«orientert om endeleg dimensjonering av sjukeheimplassar fordelt på langtidsplassar, korttidsplassar og ulike spesialavdelingar.»*.

Kommunestyret hadde altså ei eiga sak til handsaming på Dimensjoneringsprosjektet 30.10.25, og ei realitetsvotering på om det skulle ny politisk sak opp til handsaming knytt til dimensjoneringa eller om dette skulle delegerast til administrasjonen.

Arbeiderpartiet, som samla gruppe i kommunestyret, røysta korkje for det eine eller andre framlegget. AP nytta dermed ikkje høve til å påverka utfallet av saka. Unntaket var Richard Markhus som røysta for Jacob Enerhaug sitt framlegg om ny politisk sak på endeleg dimensjonering.

Dei partia som ynskte det har såleis hatt full mogelegheit ta stilling til delprosjektet Dimensjonering av institusjon gjennom eiga politisk sak hausten 2025. At eit fleirtal delegerte mynde til å fastsetja den endelege dimensjoneringa til kommunedirektøren er heilt legitimt. Detaljert avdelingsstruktur er ei sak som i stor grad må baserast på faglege vurderingar, og vi har dyktige fagfolk innan tenesteområde Helse og velferd som har lagt ned, og framleis legg ned, mykje godt arbeid i omstillingsprosjektet.

Elles legg eg, på generelt grunnlag, til grunn at alle saker av prinsipiell karakter i Bjørnafjorden kommune vert fremja til politisk handsaming i tråd med delegasjonsreglementet vårt – dette gjeld også eventuelle framtidige saker knytt til det overordna prosjektet Heilskapleg innsats- og bustadtrapp.

Osøyro, 18.06.26
Terje Søviknes
Ordførar Bjørnafjorden kommune

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.